



Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn, Fyresdal kommune, Telemark

Dato FOR-2020-05-14-1062

Ikrafttredelse 01.06.2020

Sist endret FOR-2023-12-14-2251 fra 01.01.2024

Gjelder for Fyresdal kommune, Telemark

Hjemmel FOR-2004-06-01-931-§12-6, LOV-1981-03-13-6-§9

Kunngjort 27.05.2020 kl. 14.45

Kortittel Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn, Fyresdal

Heimel: Fastsett av Fyresdal kommunestyre 14. mai 2020 med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften) § 12-6, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9.

Endra ved forskrift 14 des 2023 nr. 2251 (i kraft 1 jan 2024, tittel).

§ 1. Føremål

Føremålet med føreseгна er å redusere forurensingsbidraget frå mindre avløpsanlegg for å ivareta omsynet til resipient. Føreseгна set krav til reinseløysingar knytt til eksisterande anlegg. Føreseгна gir kommunen heimel for å sette krav til nye utslepp og pålegge naudsynt utbetring av eksisterande utslepp.

Denne føreseгна erstattar krava i forurensingsforskriften § 12-7 til og med § 12-13. Elles gjeld det som er bestemt i forurensingsforskriften kap. 11 og 12.

§ 2. Virkeområde

Føreseгна gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn, mindre enn 50 personekvivalentar (pe), frå bustad, fritidsbustader, bedrifter og andre verksemder, med innlagt vatn.

Føreseгна omfattar både eksisterande utslepp og søknad om etablering av nye utslepp, jf. § 15 samt forurensingsforskriften § 12-3 og § 12-4.

For bygningar som berre slepper ut gråvatn, gjeld føreseгна berre om det er innlagt vatn eller der det skal leggst inn vatn.

§ 3. Definisjonar (forurensingsforskriften § 11-3)

- a. *Avløpsvatn*: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- b. *Kommunalt avløpsvatn*: Sanitært avløpsvatn og avløpsvatn som består av ei blanding av sanitært avløpsvatn og industrielt avløpsvatn og/eller overvatn.

Dersom mengda sanitært avløpsvatn ikkje overstig 2000 pe og sanitært avløpsvatn samtidig utgjør mindre enn 5 % av avløpsvatnet, vert ikkje avløpsvatnet rekna som kommunalt avløpsvatn.
- c. *Sanitært avløpsvatn*: Avløpsvatn som i hovudsak skriv seg frå menneskelege stoffskifte og frå hushaldsaktivitetar, med dette avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- d. *Gråvatn*: Den del av avløpsvatnet frå vanleg hushald som kan tilbakeførast til avløp frå kjøkken, bad og vaskerom. Klosettavløp er ikkje inkludert.
- e. *Oljehaldig avløpsvatn*: Spillvatn og overvatn som inneheld motorolje, smørefeitt, parafin, whitespirit, bensin og liknande. I dette ligg også spillvatn frå vask og avfeiting av køyretøy, motorvask og liknande.
- f. *Avløpsanlegg*: Eitkvart anlegg for handtering av avløpsvatn som består av ein eller fleire av følgjande hovudkomponentar: avløpsnett, reinseanlegg og utsleppsplanering.
- g. *Avløpsnett*: Eit transportsystem som samlar opp og fører avløpsvatn frå bustadhus eller andre bygningar med innlagt vatn.
- h. *Offentleg avløpsnett*: Avløpsnett som er allment tilgjengeleg for tilknytning.
- i. *Privat avløpsnett*: Avløpsnett som ikkje er allment tilgjengeleg for tilknytning.
- j. *Den ansvarlege*: Den som er ansvarleg for verksemda. Som ansvarleg vert rekna den som kan haldast ansvarleg, jf. forurensingsloven § 7.
- k. *Tettbygd område*: Ei samling hus der avstanden mellom husa ikkje er meir enn 50 meter. For større bygningar som blokkar, kontor, lager, industribygg og idrettsanlegg, kan avstanden vera opptil 200 meter til eit av husa i husklynga. Husklynger med minst fem bygningar, som ligg mindre enn 400 meter utanfor avgrensinga i første og andre punktum, skal inngå i tettbygd område. Avgrensinga av tettbygd område er uavhengig av kommune- og fylkesgrenser.

Dersom avløpsvatn frå to eller fleire tettbygd område, som nemnt i fyrste ledd, vert samla opp og ført til eit felles reinseanlegg eller utsleppsstad, vert dei tettbygde områda rekna som eit tettbygd område.
- l. *Elvemunning*: Vatn i overgangsområde mellom elv og innsjø/vatn og ved utløpet av ei elv.
- m. *Personekvivalent, pe*: 1 person tilsvarar 1 pe pr. døgn. Den mengda organisk stoff som vert brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF5, på 60 g oksygen per døgn. Avløpsanleggets storleik i pe vert berekna på grunnlag av største mengde per veke som samla går til overløp, reinseanlegg eller utsleppspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlege forhold som til dømes skuldast kraftig nedbør.
- n. *Avløpsslam*: Slam frå reinsing av sanitært og kommunalt avløpsvatn, unntatt ristgods.

§ 4. Forholdet til krav i medhald av andre reglar

Føresegna påverkar ikkje kommunens mynde til å regulere arealbruk og avløpsløyser i samsvar med andre reglar, til dømes:

- Å stille krav om tilknytning til offentlig avløpsanlegg i samsvar med plan- og bygningsloven eller forurensningsloven.
- Å avgrense soner og gje reglar for omfang og lokalisering av spreidd bebyggelse gjennom kommuneplan med føresegner.

I område der det ligg føre arealplanar som kommunedelplan, reguleringsplanar eller område som er særleg omtala i kommuneplanens arealdel, kan søknad om separat utslipp berre godkjennast om arealplanane opnar for dette. Unntaket her er:

1. Gråvassanlegg jf. § 3 b, her vil kommunen kunne vurdere utslipp av gråvatn, etter dispensasjon frå plan. Vilkår elles knytt til § 5 i denne føresegna gjeld fullt ut.
2. Spreidd busetnad i LNF (gardar, bustadhus, fritidshus m.m.).

§ 5. Krav om løyve (forurensingsforskriften § 12-3)

Ingen kan sette i verk nye utsepp eller auke utsepp monaleg utan at løyve er gjeve i samsvar med § 5.

Utslepp etablert før 1. januar 2007, som ikkje aukast monaleg, er lovleg i den grad dette følgjer av § 12-16 i forurensingsforskriften.

§ 6. Søknad om løyve (forurensingsforskriften § 12-4)

Ved etablering av nye utsepp eller vesentleg auke av eksisterande utsepp av sanitært avløpsvatn skal den ansvarlege sjå til at:

1. det er utarbeidd ein skriftleg, fullstendig søknad som inneheld dei naudsynte opplysingane for kommunens handsaming, så som:
 - a. den ansvarlege sitt namn og adresse,
 - b. om utseppet skal etablerast og drivast i samsvar med krava i § 8 til § 13, eller om det vert søkt om unntak frå desse krava.
 - c. dokumentasjon på korleis utsepp skal etablerast og drivast,
 - d. plassering av avløpsanlegg og utseppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større,
 - e. utseppets storleik i pe, jf. § 3 bokstav m,
 - f. beskriving av utseppsstaden,
 - g. interesser som ein reknar med vil bli råka av etableringa, så som interesser knytt til drikkevassforsyning, rekreasjon eller næringsverksemd,
 - h. oversikt over kven som skal varslast, og
 - i. samtykke frå kommunens planmynde dersom utseppet er i strid med planar etter plan- og bygningslova.
2. partar og andre som kan bli særleg råka av saka er varsla om innhaldet i søknaden. Kopi av varselet skal sendast til kommunen samstundes med at partar og andre blir varsla. I varselet skal det gå fram at uttalar må ha kome til søkar innan ein frist på minst fire veker etter at varselet er sendt.
3. søknad er sendt til kommunen, etter at uttalefristen er gått ut, saman med kvittering for at varsel er sendt og eventuelle uttalar.

§ 7. Behandling av søknad (forurensningsforskriften § 12-5)

Fullstendig søknad i samsvar med krav i § 8 til § 13 skal handsamast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har avgjort slik søknad innan fristens utløp, reknast løyve for gjeve, om det ikkje er grunn til å tru at nokon av partane vil vera misnøgde med dette. Klagefristen byrjar å gå frå den dagen fristen går ut.

Kommunen kan under handsaming av søknaden fastsette krav som fråvik § 8 til § 13, så som krav til utseppsstad, -anordning og -djubde, eller nekte etablering av utsepp. Der søknad om utsepp er i samsvar med § 8 til § 13, kan kommunen berre varsle om utvida sakshandsamingstid dersom fristen på seks veker ikkje er gått ut, og dersom det ligg føre særlege forhold som brukarkonfliktar eller liknande. Når kommunen avgjer om det skal fastsettast andre krav, skal det leggjast vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Kommunen skal samordne handsaminga av søknad om utseppsløyve etter denne føresegna med byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

Er ikkje arbeidet påbyrja seinast tre år etter at løyve er gjeve, eller arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utseppet bort. Dersom utseppet framleis er aktuelt, må det sendast inn ny søknad.

§ 8. Krav til planlegging og prosjektering

Avløpsanlegg skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast på ein slik måte at det ikkje er til sjenanse, verken med omsyn til inngrep i naturen, utsjånad eller lukt. Det skal nyttast beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap utan at det fører med seg unødige store kostnader, særleg med omsyn til:

- Avløpsvatnet si mengde og eigenskapar.
- Førebygging av lekkasjar.
- Avgrensing av forureining som følge av overløp.
- Krav til infrastruktur og vegstandard skal vere tilgjengeleg for vedlikehald og tømning, jf. lokal forskrift for renovasjon og slam, del 2 Slam.

Vassforsyning og avløpsløyse skal sjåast i samanheng, og det skal vurderast om enkeltanlegg eller fellesanlegg for fleire eigedomar er mest hensiktsmessig med tanke på miljøomsyn, økonomiske aspekt og infrastruktur elles. Der dette er hensiktsmessig, skal fellesanlegg søkast og etablerast.

Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredsstiller NS-EN-12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg lufttemperatur. Ved bruk av minireinseanlegg skal det alltid vere kopla på minst ei brukseining med fastbuande til minireinseanlegget. Reinseanlegg elles skal ha dokumentasjon på at akseptert (godkjent) dimensjonering og utforming er nytta.

Det skal ved prosjektering og utbetring/rehabilitering av infiltrasjonsanlegg utførast grunnundersøking av nøytral fagkyndig med hydrogeologisk, avløpsteknisk eller liknande kompetanse. Det skal dokumenterast at storleiken på anlegget og plassering er tilpassa dei aktuelle vassmengdene og grunnforhold på staden. Dokumentasjon skal omfatte grunnundersøkingar og innehalde informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, eigenskapar på lausmassene som reinsemedium og risiko for forureining. Dette skal leggjast ved søknad om utslipp.

Ved krav om etterreinsing og/eller ved utslipp av reinsa avløpsvatn til stadeigne lausmasser, skal hydraulisk kapasitet dokumenterast.

Alle avløpsanlegg skal ha godt tilrettelagt moglegheit for prøvetaking av reinsa avløpsvatn, til dømes prøvetakingskum. Kommunen kan krevje prøvetakingskum ettermontert på eksisterande anlegg.

Unnateke frå dette er enkeltanlegg der det er spreidd busetnad (fast-/fritidsbustad) og eksisterande godkjente reguleringsplanar, jf. forureiningsforskriften § 12-4.

§ 9. Utsleppskrav

Anlegg som slepper ut sanitært avløpsvatn skal oppfylle følgjande utsleppskonsentrasjonar:

<i>Forureiningsparameter</i>	<i>Høgaste utløpskonsentrasjon</i>
Tot-P	<1,0 mg/l (tilsvarar ein reinseffekt på >90 %)
BOF ₅	<25 mg/l (tilsvarar en reinseffekt på >90 %)

Der særskilte brukarinteresser som til dømes fiske, bading og drikkevatn, kan bli berørt av tiltaket, kan kommunen stille krav til utslipp av bakteriar, TKB og/eller E.Coli.

I særskilte høve kan kommunen stille skjerpande krav.

Dersom det berre vert sleppt ut gråvatn, skal gråvatnet minimum gjennomgå reinsing med godkjente reinseløysningar som beskrive i § 8.

§ 10. Utsleppsstad

Utsleppsstad må leggest slik at det ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser, slik som uttak for drikkevatn eller rekreasjon.

Utsleppet bør, der det er mogleg, gå til naturleg infiltrasjon.

Alle overflateresipientar som mottok reinsa avløpsvatn skal ha sikker årsvassføring. Dette inneber vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.

Utslepp til ferskvatn skal lokaliserast minst 2 meter under lågaste vasstand. Kommunen kan ved brukarinteresser sette strengare krav til lengde og djubde på utsleppsleidning.

§ 11. Godkjente reinseløysingar

Avhengig av forhold på staden og anlegget sitt føremål vil fylgjande reinseløysingar kunne bli godkjent:

a. Med klosett tilknytt (spillvatn):

- Lukka infiltrasjonsanlegg.
- Jordhauginfiltrasjonsanlegg.
- Filterbedanlegg (konstruert våtmark).
- Minireinseanlegg kl. I (kjemisk og biologisk rensing) eller kl. III (bare kjemisk rensing).
- Tett tank er ikkje godkjent som reinseløysing i Fyresdal kommune.

b. Utan klosett tilknytt (gråvatn):

- Lukka infiltrasjonsanlegg.
- Jordhauginfiltrasjonsanlegg.
- Filterbedanlegg, konstruert våtmark.
- Prefabrikkerte gråvassanlegg.
- Sandfilteranlegg
- Tett tank er ikkje godkjent som reinseløysing i Fyresdal kommune.

For minireinseanlegg kan kommunen eventuelt krevje etterpoleringstrinn.

§ 12. Krav til drift og vedlikehald

Slamavskiljarar skal tømast regelmessig i kommunal regi, jf. lokal forskrift for renovasjon og slam, del 2 Slam. Minireinseanlegg skal tømast ein gong per år.

Hyppigare tømning skal utførast av kommunal/godkjent renovatør og må kostast av anleggseigar. Ettersyn utførast i samband med vanleg årleg tømning. Avvik skal rapporterast til kommunen.

For alle andre avløpsanlegg enn slamavskiljarar/infiltrasjonsanlegg, krev kommunen skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale mellom anleggseier og firma med naudsynt kompetanse. Signert avtale skal sendast kommunen seinast saman med første årsrapport etter oppstart eller overtaking av anlegg. Dersom eit godkjent firma er konkurs, eller opphøyrer av annan årsak, pliktar anleggseigarar å inngå avtaler med anna godkjent firma.

Service og vedlikehald skal som eit minimum utførast med følgjande tidsintervall:

- a. Minireinseanlegg: I samsvar til krav fastsett av leverandør i serviceavtale.
- b. Filterbedanlegg: 1 gong per år for fritidsbustader, 2 gonger per år for bustader.
- c. Infiltrasjonsanlegg: I tilknytning til tøming: i samsvar med føresegn for avfall mv., jf. lokal forskrift for renovasjon og slam, del 2 Slam.
- d. Sandfilteranlegg: I tilknytning til tøming: i samsvar med føresegn for avfall mv, jf. lokal forskrift for renovasjon og slam, del 2 Slam.
- e. Prefabrikkert gråvassanlegg: 1 gong kvart 2. år.

Årsrapport for anlegg med service- og vedlikeholdsavtale skal sendast til kommunen innan 1. februar for det føregåande året. Den skal minimum innehalde fylgjande:

- Kort beskriving av anlegget.
- Omtale av driftsforhold førre år med spesiell vekt på eventuelle driftsproblem og handtering av avvik.
- Resultat av analyser.
- Vurderingar av naudsynte utbetringar, med dette utskifting av filtermedium.

§ 13. Prøvetaking

Prøvetaking, oppbevaring og konservering av avløpsprøver skal utførast i samsvar med dei til ein kvar tid normerte krav.

Alle prøver av utsleppsvatn skal analyserast av laboratorium som har godkjent fullmakt for dei aktuelle analysene. Det skal analyserast for parametrar ut frå gjeldande krav i § 9. Analysemetodar nemnt i forurensingsforskriften kapittel 11 skal nyttast.

All prøvetaking skal utførast av nøytral fagkyndig verksemd og kostast av anleggseigar.

§ 14. Tilsyn og kontroll

Kommunen, eller den kommunen gjev mynde til, har rett til å inspisere anlegg til ei kvar tid, og kan ta utløpsprøver for kontroll av at reinsekrav vert halde.

§ 15. Eldre utslepp

Ved anlegg bygd før 1. januar 1980 kan Fyresdal kommune sete krav om oppgradering.

§ 16. Gebyr og tvangsmulkt

Behandling av søknad om løyve, tilsyn og oppfølging av anlegg kan gebyrfinansierast, jf. forurensingsforskriften § 11-4, kommunale saksbehandlings- og kontrollgebyr. For Fyresdal kommune er dette fastsett i eige gebyrregulativ.

I samsvar med forurensingsloven § 73 har kommunen sanksjonsmoglegheit dersom ytinga til anlegget ikkje er tilfredsstillande, samt om service og vedlikehald er mangelfull.

§ 17. Klage

Klageadgang fylgjer av forvaltningsloven. Klageinstans er plan- og miljøutvalet. For enkeltvedtak vedteke av kommunestyret, er fylkesmannen klageinstans.

§ 18. Iverksetting

Føresegna trer i kraft 1. juni 2020.